

Ørsta 21.1.2014

Vedlegg A1:

REGULERINGSARBEID FOR «BUSTADFELT RØYSET II» I HAREID KOMMUNE

VURDERING AV MERKNADER VED FORVARSLING

Planarbeidet vart forvarsla i hht plan- og bygningslova ved annonse i Vikebladet Vestposten 10.9.2013 samt skriv til grunneigarar, naboar og offentlege kommunale og statlege mynde. Frist for merknad var 22.10.2013.

Følgjande merknader/innspel er komne inn som følgje av forvarslinga/annonseringa:

- | | |
|--|-----------------|
| 1) Noregs vassdrags- og energidirektorat | dat. 24.09.2013 |
| 2) Statens vegvesen | dat. 27.09.2013 |
| 3) Norvald Røyset | dat. 30.09.2013 |
| 4) Fylkesmannen i Møre og Romsdal | dat. 15.10.2013 |
| 5) Møre og Romsdal fylkeskommune | dat. 17.10.2013 |
| 6) Søre Sunnmøre Landbrukskontor | dat. 22.10.2013 |

Utdrag frå og kommentar til dei enkelte merknadene/innspela:

1. Noregs vassdrags- og energidirektorat

Utdrag:

Åknes/Tafjord Beredskap IKS har gjort ein skredfarevurdering av planområdet, og dei har komme til at deler av planområdet ligg innanfor fareområde for skred. Fareområde må innarbeidast i planen og synast som omsynssone (jf PBL § 12-6) og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det er trøng for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår vi til at det aktuelle området vert teke inn i planen.

Med omsyn til overvatn er det planlagt ein avskjerande drenskanal ovanfor bustadfelt. Drenskanal må sikrast tilstrekkeleg kapasitet. Det bør takast omsyn til at framtidige klimaendringar kan medføre meir nedbør og hyppigare episodar med styrregn.

Kommentar:

Ad. skred: det skredfarlege området inngår ikkje i planframlegget.

Ad. kanal: Overvatn er teke omsyn til i planframlegget, ved at det er planlagt ein avskjerande drenskanal i bakkant av feltet, og vidare nedover til Snipsøyrvatnet. Kanalen sin kapasitet er vurdert og det er sett av tilstrekkeleg areal for bygging av eigna kanal både i høve praktiske forhold og i høve nødvendig kapasitet i høve nedbør, jf 200 års nedbøren.

2. Statens vegvesen

Utdrag:

Vi har ikkje merknader til oppstartsmeldinga.

Kommentar:

Ingen kommentar.

3. Norvald Røyset

Utdrag:

Bruket vårt "Kvernhusgjerdet" gnr 51 bnr 6 er det einaste på Røyset som har dyrehald i dag og av eit omfang som kan gi ei fornuftig inntekt. Vi bygde nytta hønsehus i 2009 for 7500 verpehøns og har ca 70-80 V.F sauar som får ca 130-145 lam pr år samt 5 islandshestar. Alle desse dyra treng beite. Vedlagt er kopi av Utskiftinga frå 1896 samt eit notat som gir eit samandrag av utskiftinga. Når det gjeld det området som vert utlagt til byggefelt på oppsida av eksisterande bustadareal bør dei grunneigarane som vert berørt skrive frå seg beiteretten for dette arealet som vert omfatta av utbygginga. Dette bør vere ein rein formalitet. Skulle det bli naud synt i framtida vil det vere naturleg at bebygd område blir pålagt gjerdeplikt.

Når det gjeld arealet på nedsida av Røysetvegen og vår gardsveg så er dette klart eit LNF område. Men vi ser positivt på at det vert kanalisert då vatnet frå eksisterande bustadfelt til dels flyt fritt på overflata. Bekken på nedsida av vegskiftet til "Kvernhusgjerdet" vart opprenska ca 150 m nedover, i 2010. Dette overflatevatnet bør også knytast til det nye kanalsystemet. Når det gjeld utformiga av kanalane er det viktig å utforme sidene på kanalane på ein slik måte at det er mogeleg for beitedyr å kome over når vassføringa er lav. Det vil vere naturleg og naudsynt at det vert lagt ned kulvert som både tar vatnet og gjer det mogleg å kome over med traktor eller ATV for vedlikehald av gjerde samt henting av sjuke eller daude dyr.

Kommentar:

Ad. Beiterett og gjerdeplikt; gjeld privatrettsleg forhold som ikkje vedkjem reguleringsarbeidet.

Ad. kanal: Innspelet er teke omsyn til ved at kanal er lagt i byte mellom eigedomane gnr 50 bnr 3 og gnr 51 bnr 2 og såleis ikkje kryssar beitemark. Det er vidare i planframlegget lagt til rette for å etablere bru/kulvert over kanalen.

4. Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Utdrag:

Fylkesmannen føreset at barn og unge sine interesser blir tatt vare på, jf. § 5-1 i plan- og bygningslova. Rundskriv T-2/08 om barn og planlegging frå Miljøverndepartementet gir rammer for planarbeidet på dette området.

Kommentar:

Innspelet er teke omsyn til ved at det er teke inn nærliekeplassar i planframlegget, i tråd med kommuneplanen for Hareid kommune.

5. Møre og Romsdal fylkeskommune

Utdrag:

Det er ikkje kjente funn eller faste frede formminne innanfor planområdet. Før det vert teke stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avklare om det kan vere slike funn i planområdet i løpet av planprosessen lyt det gjennomførast ei synfaring. Det er registrert eitt kulturminne frå SEFRAK-registeret i området: SEFRAK ID: 1517 5 26. Tilstand er ukjent, og må bli konkret vurdert. Dokumentasjon i form av foto er ønskeleg. Eventuelt andre kulturminne som steingardar og fin beitemark må bli registrert, og dersom dei har verdi, bli teke omsyn til/bli innarbeidd i planen.

Vi vonar at plangrensa ikkje avviker betydeleg frå gjeldande kommuneplan, og at ein drøftar val av bustadtype og behov for fellesareal nærare i planomtalen. Barn og unge sine vilkår må drøftast særskilt, og konkret i høve krav i rikspolitiske retningslinjer med rettleiar. Planomtalen må også drøfte antal og type bustader opp mot nasjonale målsettingar knytta til samordna areal- og transportplanlegging.

Kommentar:

Ad. synfaring: Det har vore synfaring med arkeolog og arkeologisk registrering er bestilt. Ein har ikkje fått stadfesting av når registreringa konkret vil føregå, anna enn vår/sommar 2014.

Ad. SEFRAK: dette bygget ligg utanfor forvarsla plangrense/planområde.

6. Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Utdrag:

Utvindinga av reguleringsarealet mot aust går ikkje ut over dyrka eller dyrkbar mark. Vi kan heller ikkje sjå at utvindinga vil kome i konflikt med landbruksarealet mot sør/søraust i vesentleg grad. Når det gjeld utvindinga mot vest mellom Røysetvegen og Snipsøyrvatnet er heile arealet her klassifisert som dyrkbar mark. Vern av dyrkbar mark skal og tilleggast vekt. Vi vil difor oppmøde om at arbeidet med den planlagde kanalen tek omsyn til jordvernet. Med andre ord at det ikkje vert nytta meir areal enn det som er naudsynt.

Kommentar:


Det er teke omsyn til innspelet ved at trase for kanal er lagt slik at den ikkje nytta meir areal enn naudsynt. Kanalen vil også hjelpe til å få drenert landbruksjorda.

Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:

- Skred.
- Barn og unge sine interesser.
- Behov for arkeologisk registrering. Sjå til: Nasjonale målsettingar knytta til samordna areal- og transportplanlegging.
- Begrense arealbruk for ny kanal.

Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i planframlegget:

- Det er utarbeidd skredrapport for området. Vedlegg C4. I skredrapporten vert del av gnr 51 bnr 14 vurdert til å ha sannsyn for skred på over 1/1000 år. Av denne grunn har ein valgt å ikkje ta med gnr. 51 bnr. 14 i planområdet då det ikkje er vurdert egnar for bustadbygging.
- Innspelet er teke omsyn til ved at det er teke inn nærliekeplassar i planframlegget, i tråd med kommuneplanen for Hareid kommune.
- Det har vore synfaring med arkeolog og arkeologisk registrering er bestilt. Ein har ikkje fått stadfesting av når registreringa vil føregå. Nasjonale målsettingar knytt til samordna areal- og transportplanlegging er tekne omsyn til i planframlegget.
- Det er teke omsyn til innspelet ved at trase for kanal er lagt slik at den ikkje nytta meir areal enn naudsynt.


Jorunn Beate Lillebø Lande
Master i Arkitektur, prosjektansvarleg